

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR UTBETRING OG OMLEGGING AV FARLEDER I ULSTEINFJORDEN – SVÆDET, KYRKJEFLUDA OG SKINNABROKLEIA, HERØY OG ULSTEIN KOMMUNE

### Varsel om igangsetting av detaljreguleringsplanar i Herøy og Ulstein kommune

#### 1. Samandrag

Kystverket skal regulere fleire områder i sjøen på Sunnmøre for at farleia langs Norskekysten kan bli sikrere, kan trafikkerast av større båtar, og kan trafikkerast med ein høgare frekvens. Konkret vil planarbeidet leggje til rette for omlegging av farleia og utdjuping av grunner langs leia. Utbetring av farleia vil også omfatte nye sjømerke, men det er ikkje ein del av planarbeidet. Tiltaka er ein del av nasjonal transportplan.

Sidan det vil vere ulike planar i ulike kommunar, vil planarbeidet bli varsla kommunevis slik det er vanleg. I dette varselet vil vi vise både heile strekninga som skal regulerast og korleis den er delt inn i ulike planar i kommunane det gjeld. I Herøy og Ulstein kommune vil det regulerast ein felles plan for Skinnabrokleia (nær Bøfjorden) som ligg over begge kommunane og ein plan for Kyrkjefluda og Svædet utanfor Flø som ligg i Ulstein kommune. På grunn av dette vil planvarselet gjelde for begge kommunane.

#### 2. Oppstartsvarsel

På vegne av Kystverket og i medhald av plan- og bygningslova (PBL) §§ 12-1 og 12-8, varslast det om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplanar for utbetring og omlegging av farleier i Ulsteinfjorden – Skinnabrokleia, Svædet og Kyrkjefluda.

Dette brevet vert sendt ut til aktuelle myndigheiter og organisasjonar. I tillegg sendast det ut til grunneigarar med avstand i underkant av 500 meter frå tiltaksområda som ligg i sjøen. Kystverket er forslagstillar og Multiconsult er plankonsulent. Oppstart er annonsert i avisene Vestlandsnytt og Vikebladet i veke 39.

Informasjon om planarbeidet vert også å finne på [kystverket.no](http://kystverket.no), [multiconsult.no](http://multiconsult.no), [heroy.kommune.no](http://heroy.kommune.no) og [ulstein.kommune.no](http://ulstein.kommune.no), m.a. referat frå oppstartsmøte med kommunane og planinitiativ, jf. PBL. § 12-8.


#### 3. Føremål med planarbeidet

Planarbeidet skal leggje til rette for at farleia kan utbetrast ved å bli kortare og djupare. Det er forventa at transport på sjøen vil auke i åra som kjem, og planane vil sikre framkommeligheit, god frekvens, og trygg ferdsel. Kystverket ønskjer å planlegge for sjødeponi samtidig som at moglege deponi på land vurderast. Område for sjødeponi vert utgreidd og regulert inn i begge planane.

## Varsel om planoppstart

#### 4. Lokalisering av planområda

Kystverket skal utbetre farleia på Søre Sunnmøre frå Herøy til Ålesund. Dette varslingsbrevet gjeld to reguleringsplanar; ein ved Skinnabrokleia, og ein utanfor Flø som dekkjer grunnene Kyrkjefluda og austlege delar av grunnene på Svædet. Planen ved Skinnabrokleia går på tvers av kommunegrensa mellom Herøy og Ulstein kommune, og er som følge av dette oppdelt i to planavgrensingar. Planavgrensingane er vist lenger nede i brevet.



Figur 1. Planområda si lokalisering er vist med blå sirkel. Dette varslingsbrevet gjeld områda innanfor raud sirkel.

#### 5. Planprosess

Med bakgrunn i planinitiativ og oppstartsmøter med kommunane er det gjort politiske vedtak for oppstart av reguleringsplanar. Formannskapet i Herøy kommune og Teknisk utval i Ulstein kommune støttar at det vert starta opp detaljregulering for dei aktuelle områda og at Kystverket får overført planmyndet til kommunane fram til slutthandsaming av planane i samsvar med Pbl. § 3-7. Dette inneberer at Kystverket, i samråd med planmyndigheita, kan fremje forslag til arealplan og vedta å legge planane ut til offentlig ettersyn.

I samband med planarbeidet vil det mellom anna gjerast undersøkingar knytt til sjøfugl, botnforhold i sjøen og geoteknikk. Undersøkingane og annan tilgjengeleg informasjon vil danne grunnlag for utarbeidinga av planane. Reguleringsplanane blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova, og er samansett av juridisk plankart og planføresegner, samt ein planomtale som skildrar føremålet med planen og korleis den påverkar miljø og samfunn. Planane vil også innehalde ei risiko- og sårbarheitsanalyse, utgreiingar vil bli lagt ved planforslaga.

#### 6. Vidare framdrift


Planane varslast no og vil bli utarbeida denne hausten og våren 2022. Etter grundig utarbeiding vil planforslaga bli lagt ut til offentlig ettersyn. Vi antek at dette skjer nærmare sommaren 2022. Innspel og

## Varsel om planoppstart

merknadar frå ettersynet vil deretter bli innarbeidd i planforslaga og planane sendast til politisk stadfesting i kommunane. Når planane er vedtekne, vil det bli søkt om godkjenning til å mudre. Mudring og utfylling i sjø krev eigen søknad i samsvar med forureiningforskrifta kap. 22. Når desse godkjenningane er klare kan arbeid med tiltaka starte. Dette forventast å skje i 2024.

### 7. Skildring av gjennomføring av tiltak

For å gjennomføre utdjupingar nyttar ein mudringsfartøy eksempelvis vist på bilete nedanfor. Ved lausmassar nyttast grabbmudring (mekanisk mudring) på split lekter. Ved utdjuping i berg brukast det sprenging og opphenting ved grabb. Sprengingsarbeid må følgje NS 8141-2001 og sprengingsplan må planleggjast i detalj for å unngå skade på dyreliv og omgjevnader. Massane frå utbetringa er planlagt lagt i deponi på land eller i sjøen.




Figur 2. Mudringsfartøy med grabbe og split lekter. Foto: Ole Bjørn Molnes, Gjerdsvika 3 april 2019

### 8. Planområda

#### Svædet og Kyrkjefluda (Ulstein kommune)

Svædet ligg nord-vest for Flø, medan Kyrkjefluda ligg vest for Roppe, ca. 3 km sør for Svædet. Det er registrert ei grunne ved Kyrkjefluda og to grunner ved Svædet. Begge grunnene skal utdjupast til om lag - 16 meter.

Varsel om planoppstart




Figur 3. Kartet viser planavgrensing for Kyrkjefluda og Svædet med svart stipla linje og grunner med raud skravering (omtrentleg lokalisering av område med utdjupingsområde).

Skinnabrokleia (Ulstein og Herøy kommune)

Skinnabrokleia ligg vest for Hatløy, Kalvøya og Borgarøya i Ulstein kommune, og aust for Torvik og Torvikholmane i Herøy kommune. Det er registrert 17 område med grunner som er ønskt utdjupa. Dei grunne områda skal utdjupast til om lag -16 meter. Planområdet vil ligge over kommunegrensa mellom Herøy og Ulstein. Det vil leverast eitt plankart delt i to med lik planomtale og like planføresegner til kvar av kommunane.

Varsel om planoppstart



Figur 4. Planavgrensing for planar ved Skinnabrokleia. Tiltaksområdet er oppdelt i to planområde med avgrensing i kommunegrensa mellom Herøy og Ulstein. Omtrentleg lokalisering av område med utdypingsområde er vist i med raud skravering.

**9. Deponi**

Massane frå utdjupeinga er tenkt lagd i deponi på land eller i sjøen. Kystverket ynskjer primært at massane skal nyttast til samfunnsnyttige føremål på land. Samstundes vil planane leggje til rette for deponi i sjøen på utvalde plassar ved Skinnabrokleia og Kyrkjefluda. Grunnen til dette er at det er overordna viktig å ha deponi som er klare når tiltaka skal gjennomførast. Fleire moglege alternativ for deponi sikrar gjennomføring utan opphald.

I samband med innleiande arbeid er det gjort foreløpige vurderingar av lokalisering av sjødeponi for å handtere massane som skal fjernast frå utdypingsområda. Denne vurderinga er samanfatta i eit eige notat som er vedlegg til planinitiativet, og vil vere tilgjengeleg frå nettsider nemnd i punkt 2 i brevet.

**10. Sentrale tema i planarbeidet**

Ved mudring- og sprengingsarbeid må det takast omsyn til stadleg skipstrafikk og signal/merking av leia. Installasjonar og/eller område som er sensitive for sprengingsrystingar og ev. trykkbølger som forplantar seg gjennom vatnet må også takast omsyn til. Eksempel på slike områder er gyteområde og oppdrettsanlegg. Til sist vil omsynet til natur og dyreliv i sjøen vere viktig.

Utgreiing for sjødeponi.

Det er gjort utgreiingar på utdypingsstadane, men ikkje på lokalitetar for dei planlagde sjødeponia. Dette inneberer tematiske utgreiingar for aktuelle lokalitetar for sjødeponi.

Varsel om planoppstart

- Grunnforhold
- Naturmangfold
- Miljøgeologi
- Marin teknikk – strømningsvurderingar

### Fuglefreding og naturreservat


Kyrkjefluda og Svædet ligg innanfor Flø fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding. Tiltaka planleggast innanfor det arealet som har status som dyrelivsfreding. Det er fleire viktige fugleområde og naturreservat i nærleiken og ei samla framstilling av dette kan vere hensiktsmessig. Det vil gjennomførast ei utgreiing/vurdering av konsekvensar for økologiske funksjonar for fuglelivet for både Skinnabrokleia og Kyrkjefluda/Svædet i samband med planarbeidet.

### 11. Forholdet til andre planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdelen av kommuneplanen til Herøy og Ulstein kommune er førande for planarbeidet. I tillegg vil det takast omsyn til Interkommunal kystsoneplan for kommunane Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven. Kystsoneplanen er planlagt lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn i løpet av hausten 2021.

#### Svædet og Kyrkjefluda:

Planområdet vil ligge i arealformål «Farlei». Vidare ligg planområdet og begge planlagde utdjujingar i omsynssone H720\_6, Flø dyrelivfreding.




Figur 5. Kartutsnitt av Kommuneplanens arealdel for Ulstein kommune med planavgrænsing for Svædet og Kyrkjefluda i raud stipla linje. Omtrentleg lokalisering av utdjujingsområde i raud skravering.

Varsel om planoppstart

Skinnabrokleia:

Planen for Skinnabrokleia vil ligge i et område mellom kommunane. I Ulstein vil planen ligge i arealformål «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner». Planen vil ligge nær omsynssone H550-14, omsyn landskap og omsynssone H560-1 bevaring naturmiljø på Hatløya.

I Herøy vil planen ligge i arealformål «Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsoner». Planområdet vil ligge innanfor omsynssone H550\_10, omsyn landskap.



Figur 6. Planområde for Skinnabrokleia er markert med raud stipla linje. Figuren viser utsnitt av gjeldande kommuneplan for Herøy og Ulstein kommune. Omtrentleg lokalisering av utdjuingsområde i raud skravering.

**12. Krav om konsekvensutgreiing**

Føremålet med konsekvensutgreiing er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak. Forslagsstillaren skal vurdere om tiltaket fell inn under forskrifta. Dette skal vurderast etter § 4 i plan- og bygningslova og etter §§ 6 og 8 i forskrift om konsekvensutgreiing, jamfør også § 10.

§ 6 i forskrift om konsekvensutgreiing viser til planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram/melding. Dette er lite aktuelt i dei aktuelle reguleringsplanane. Det må likevel gjerast ei vurdering av utvidinga av Skinnabrokleia. Skal-kravet til konsekvensutgreiing er tiltak i vedlegg 1 til forskrifta, der er nyetablering av farleier er nemnd som KU-pliktig. Vår vurdering er at utdjuing av Skinnabrokleia ikkje kan sjåast på som ei nyetablering av ei farlei. Det er ei forbetring som rettar ut hovudfarleia. Skinnabrokleia er merka og i bruk av mindre båtar i dag.

§8 i forskrifta viser til at planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Omgrepet “vesentlege verknader for miljø og samfunn” omfattar mellom anna

Varsel om planoppstart

tiltak i verneområde og tiltak som råkar trua naturtypar og leveområde for trua artar (fuglar). Kva som er vesentlege verknader, er lista opp i § 10 i forskrifta.

Skal-kravet er i begge planområda knytt til forslag om sjødeponi for massar over 50 000 kubikkmeter (vedlegg II, kapittel 11: bokstav k). Endringane i farleiene er, som drøfta i avsnittet over, ikkje tilstrekkelege for å utløyse krav til konsekvensutgreiing. Omfanget av sjødeponi er større enn forskriftskravet på 50 000 kubikkmeter for Skinnabroklaia og Kyrkjefluda/Svædet. Dette inneberer at begge tiltaka bør konsekvensutgreiast med omsyn til naturmangfald med spesielt fokus på viktige naturtypar og fuglelivet. Det er òg ei generell vurdering at ved tiltak innanfor eit naturvernområde kan utarbeiding av ei konsekvensutredning for naturmangfald gi ein ekstra tryggleik både for plan- og miljømyndigheita.

Etter vår vurdering, er det ikkje aktuelt med konsekvensutgreiing for andre tema.

### 13. Medverknad

Planane vert med dette kunngjort igangsett og dei som ønskjer kan komme med innspel til planarbeidet, sjå nærare info om dette nedst i brevet. Dokument knytt til varslinga av oppstart av planarbeid, mellom anna referat frå oppstartsmøte og planinitiativ frå forslagsstillar jf. PBL 12-8, vil vere tilgjengeleg frå Kystverket og Herøy og Ulstein kommunar sine heimesider. Etter at frist for innspel er gått ut, utarbeidar Multiconsult forslag til reguleringsplan på vegne av Kystverket.

I arbeidet med planane vil vi ha samtalar med ulike mynde ved behov.

Når reguleringsplanane er utarbeidd vil dei leggjast ut til offentleg ettersyn. Aktuelle myndigheiter, og andre det vedkjem, får varsel om dette og kan komme med merknader innan ein frist. Offentleg ettersyn blir kunngjort i lokale aviser, og på kommunane sine nettsider. Vi antek at planane vil bli lagt ut våren/sommaren 2022.

Det vil haldast eit digitalt ope informasjonsmøte i samband med planarbeidet den 20. oktober kl. 18-20 i nettlesar/Teams app. Link til møtet vil bli annonsert på kommunane sine heimesider. Link til møtet finnast også frå QR-koden og nedanfor i dette brevet. Sjå nedanfor.



Link til møte:

<https://tinyurl.com/OppeInformasjonsmote>

### 14. Merknader til oppstartmelding

Innspel til planarbeidet kan sendast skriftleg til Multiconsult v/ Sevrin Gjerde, Pb. 6230 Torgarden, 7486 Trondheim. Spørsmål til reguleringsplanarbeidet kan også sendast på e-post til [sevrin.gjerde@multiconsult.no](mailto:sevrin.gjerde@multiconsult.no) eller på tlf. 906 38 390.

**Frist for innspel er 29.10.21**

Med vennleg helsing  
**Multiconsult**



Varsel om planoppstart



Sevrin Gjerde

Adresseliste

Myndighet/Organisasjon/Grunneigar	E-post/Adresse
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<a href="mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no">sfmrpost@statsforvalteren.no</a>
Møre og Romsdal Fylkeskommune	<a href="mailto:post@mrfylke.no">post@mrfylke.no</a>
Statens vegvesen, Region Vest	<a href="mailto:firmapost-vest.vegvesen.no">firmapost-vest.vegvesen.no</a>
Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE – region Vest	<a href="mailto:rv@nve.no">rv@nve.no</a>
Naturvernforbundet Møre og Romsdal	<a href="mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no">moreogromsdal@naturvernforbundet.no</a>
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	<a href="mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no">marinarkeologi@sjofartsmuseum.no</a>
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal	<a href="mailto:postmottak@fiskeridir.no">postmottak@fiskeridir.no</a>
Direktoratet for mineralforvaltning	<a href="mailto:mail@dirmin.no">mail@dirmin.no</a>
Søre Sunnmøre fiskarlag	<a href="mailto:stigen@tussa.com">stigen@tussa.com</a>
Ulstein kommune v/hamnevesenet	<a href="mailto:postmottak@ulstein.kommune.no">postmottak@ulstein.kommune.no</a>
Herøy kommune v/hamnemynde	<a href="mailto:postmottak@heroy.kommune.no">postmottak@heroy.kommune.no</a>
Ulstein kommune kulturkonsulent v/ Annika Brandal	<a href="mailto:annika.brandal@ulstein.kommune.no">annika.brandal@ulstein.kommune.no</a>
Statkraft Energi AS	<a href="mailto:post@statkraft.com">post@statkraft.com</a>
Ulstein Verft AS	<a href="mailto:gr@ulstein.com">gr@ulstein.com</a>
Greenyard Kleven AS	<a href="mailto:post@greenyard.no">post@greenyard.no</a>
Kongsberg Maritime	<a href="mailto:km.office@km.kongsberg.com">km.office@km.kongsberg.com</a>
Hatløya og Borgarøya Velforening	<a href="mailto:hbvelforeining@outlook.com">hbvelforeining@outlook.com</a>
Herøyterminalen (Vonin Refa AS)	<a href="mailto:post@refa.no">post@refa.no</a>
Møre Nett AS	<a href="mailto:norleif.nordal@morenett.no">norleif.nordal@morenett.no</a>
Telenor	<a href="mailto:kabelnett@telenor.com">kabelnett@telenor.com</a>
Norsk ornitologisk forening	<a href="mailto:nof@birdlife.no">nof@birdlife.no</a>
SABIMA	<a href="mailto:sabima@sabima.no">sabima@sabima.no</a>
NIVA v/Lars Golmen	<a href="mailto:lars.golmen@niva.no">lars.golmen@niva.no</a> ,
Runde miljøsentert v/ Roger Kvalsund	<a href="mailto:roger@rundecentre.no">roger@rundecentre.no</a>
Ulsteinvik småbåtlag	<a href="mailto:styret@usl.no">styret@usl.no</a>
Flø Feriesenter	<a href="mailto:flo.feriesenter@tussa.com">flo.feriesenter@tussa.com</a>
Sunnmøre friluftsråd	<a href="mailto:post@friluftsradet.no">post@friluftsradet.no</a>
Miljødirektoratet	POSTBOKS 5672 TORGARDEN, 7485 TRONDHEIM
Remøy Arnt Helge	YTREBØVEGEN 16, 6095 BØLANDET
Hatlø Frode Toralf	TURE NERMANS VEI 9, 5143 FYLLINGSDALEN
Hatlø Barbro	GJERDEGATA 31, 6065 ULSTEINVIK

## Varsel om planoppstart

Hatlø Frank	HELLERSØYVEGEN 69, 6987 BULANDET
Hatlø Kjell Einar	HØDDVEGEN 29, 6065 ULSTEINVIK
Slyngstad May-Britt	NØRVEGATA 32 A, 6008 ÅLESUND
Slyngstad Bernt Olaf	SJØMANNSVEGEN 3C, 6008 ÅLESUND
Flusund Mariann	REMØY 34, 6094 LEINØY
Flø John	HOVSTØYLVEGEN 18, 6065 ULSTEINVIK
Skatteboe Merete Woldsund	NERREFØSSVEGEN 20, 2943 ROGNE
Hatløy Arild	KJERRINGHAUGANE 8B, 6065 ULSTEINVIK
Klock Anne-Rita	HATLEN 31, 6016 ÅLESUND
Sætre Rak Marie Hatløy	HØYBRÅTENVEIEN 117, 1088 OSLO
Hatløy Aud Hilde	PRESTEGARDSVEGEN 9, 6070 TJØRVÅG
Hatlø Elinor	GISKEVEGEN 1846052 GISKE
Røyseth Werner	HANSVIKA 57, 6065 ULSTEINVIK
Hatløy Venke Henrikke	SMØRSOPPVEIEN 16, 1476 RASTA
Hatløy John	VARLEITEMYRA 6, 6065 ULSTEINVIK
Sundgot Solrunn	VARLEITEMYRA 6, 6065 ULSTEINVIK
Våge John Kåre	ONGLASÆTRA 41, 6065 ULSTEINVIK
Myklebust May Kristin	ONGLASÆTRA 41, 6065 ULSTEINVIK
Hatløy Terje	GAMLEVEGEN 59, 6065 ULSTEINVIK